



»VAR tenestene (vatn, avløp, renovasjon, slam og feiing)

Arbeid med ny hovudplan vatn og avløp vart starta opp i 2018. Arbeidet med renovering av renseanlegget kom godt i gang, hovudinvesteringane er gjort og kostnaden var om lag kr. 800 000 (mindre enn budsjettet). Arbeidet blir fullført i 2019.

Gamle og dårlige leidningar har gitt driftsutfordringar i mange år, og dette inneber vanskar for innbyggjarane. Det vert gjort delvise utskiftingar kvart år, men større delar burde vore skifta ut. For å få fortgang i dette arbeidet må rammeavtalar med private entreprenørar på plass.

Overvassproblematikk med aukande skadar krev også ein større innsats, og eininga vil utarbeide ein plan for dette, anten som eigen plan eller som del av ny hovudplan for vatn og avløp. Enkelte tiltak vart starta i 2018 og fullført i 2019.